

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.01.2016

Vår ref.: 200803356-16

Arkiv: 312 / 098.6Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Henrik Langbråten

Brit Torill Haugen

Lars Hagvaag Seim

22959418/hela@nve.no

## Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje fire småkraftverk og nettanlegg i Stranda kommune i Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggje fire småkraftverk i Stranda kommune. NVE har òg motteke søknad frå SFE Nett om konsesjon og ekspropriasjonsløyve for ein ny 132 kV luftleidning frå Tomasgard transformatorstasjon i Hornindal kommune i Sogn og Fjordane fylke, til Tryggestad i Stranda kommune i Møre og Romsdal fylke. Leidningen skal driftast på 66 kV. Det vert òg søkt om å byggje ein ny transformatorstasjon ved enten Tryggestad eller Litlebø. Grunngevinga for leidningen er å auke nettkapasiteten for å kople til dei omsøkte småkraftverka i Stranda kommune.

Søknadane skal handsamast samstundes for betre å kunne vurdere dei samla verknadane for regionen. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla dersom det er aktuelt.

### Nettanlegg Tomasgard – Tryggestad/Litlebø

Søknaden frå SFE Nett AS omfattar spenningsoppgradering av øvste trådsett på eksisterande tokurs 22 kV-luftleidning på strekinga Tomasgard-Støverstein til 132 kV spenning, bygging av ny 132 kV leidning frå Støverstein til Tryggestad med ei lengd på 7,2 og 8,4 km avhengig av traséval og ein om lag 0,1 km ny 132 kV jordkabel for innføring i Tomasgard stasjon.- Det vert òg søkt om utviding av utandørsanlegget ved Tomasgard transformatorstasjon, og bygging av ein ny transformatorstasjon ved Tryggestad eller Litlebø. Det er planlagt at anlegga skal driftast med 66 kV spenning dei komande åra, men anlegget vert dimensjonert for 132 kV spenning med tanke på framtidig overgang til 132 kV driftspenning i regionalnettet.

### Langedalselva kraftverk

Stranda Energi AS ynskjer å nytte eit fall på 53 m i Langedalselva. Inntaket plasserast på 188,6 moh og kraftstasjonen på 136 moh. Det er òg presentert eit alternativ med inntak 183,6 moh. Vassvegen vil bli 1050 m lang og i hovudsak vera tunnel med unntak av dei siste metrane inn mot kraftstasjonen der rørgata vil vera nedgraven. Middelvassføringa i Langedalselva er på 8,54 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

planlagt med ei slukeevne på 12,8 m<sup>3</sup>/s. Toskedalselva er tenkt overført frå inntak 195 moh og nedgraven røyrgate på 100 m. Middelvassføringa i Toskedalselva er 0,66 m<sup>3</sup>/s, og slukeevna planlagt til å vera 1,3 m<sup>3</sup>/s.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,4 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 20,4 GWh. Av dette utgjer overføringa 1,57 GWh. Alternativ utbygging vil gje ein produksjon på 18,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 1110 m i Langedalselva og 85 m i Toskedalselva. Det er planlagt minstevassføring på 2,36 m<sup>3</sup>/s om sommaren og 0,49 m<sup>3</sup>/s om vinteren i Langedalselva. Dette tilsvarar 5-persentilverdiane. Det er ikkje planlagt minstevassføring i Toskedalselva der 5-persentilverdiane er på 140 l/s om sommaren og 23 l/s om vinteren.

### **Røyarhus kraftverk**

Røyarhus kraftverk (SUS) ynskjer å nytte eit fall på 62 meter i Røyarhuselva. Inntaket plasserast 437 moh og kraftstasjonen 375 moh. Vassvegen vil bli på 970 m og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa er på 1960 l/s og maksimal slukeevne på 4000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 6,95 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 1530 m i Røyarhuselva. Det er planlagt ei minstevassføring på 145 l/s heile året. Til samanlikning er 5-persentilverdiane for sommaren på 884 l/s og på 125 l/s om vinteren.

### **Hauge kraftverk**

Hauge kraftverk vil nytte eit fall på 535 m i Hagedalselva med inntak på kote 700 og kraftstasjon på kote 165. Hagedalsvatnet er planlagt regulert mellom HRV (høgste regulerte vasstand) på kote 889,5 og LRV (lågaste regulerte vasstand) på kote 887,3. Vassvegen på om lag 1850 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Middelvassføringa er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 15,5 GWh/år. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 50 l/s i sumarsesongen og 25 l/s om vinteren. Søkjer i saka er Stranda Energi.

### **Storfossen kraftverk**

Storfossen minikraftverk vil nytte eit fall på 60 m i Geirangerelva med inntak på kote 68 og kraftstasjon på kote 8. Vassvegen på 225 m vil stor sett vere nedgraven. Eksisterande kraftstasjonsbygg frå 1928 vil bli nytta. Det er planlagt ein ny permanent veg til inntaket. Middelvassføringa er 4180 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1800 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 0,875 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,6 GWh/år. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 1800 l/s i sumarsesongen og 250 l/s om vinteren. Søkjer i saka er Stranda Energi.

Småkraftsøknadane skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Det er òg søkt om løyve etter energilova § 3-1 for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftleidning. Søknadane skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover».

Søknadane med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Stranda kommune leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Stranda, Hotell Union i Geiranger og Sparebanken Møre i Hellesylt fram til **05.04.2016**. NVE ber Hornindal kommune om å leggje ut to eksemplar av konsesjonssøknaden til SFE Nett til offentleg ettersyn på kommunehuset i Hornindal fram til **05.04.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **05.04.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det blir utarbeida eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Henrik Langbråten  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Papirversjon av søknadane (berre til kommunane)

Kunngjøringstekst

Informasjonsark

Oversiktskart

Mottakerliste:

Den Norske Unesco-Kommisjonen  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane  
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Hornindal kommune  
Istad Nett AS  
Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag  
Møre og Romsdal Bondelag  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
NHO Reiseliv  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal  
Norges Padleforbund  
Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane



Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal  
Olav Asbjørn Håvik  
SFE Nett AS  
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane Energi AS  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA  
Sogn og Fjordane Turlag  
Statens vegvesen Møre og Romsdal  
Statnett SF  
Stranda Energi Nett AS  
Stranda kommune  
Telenor Kabelnett  
Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen  
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kopi til:

Stranda Energi AS